



Rådmannen med Karin Thauland som saksbehandlar rår til at det skal gjevast konsesjon for utbygging av alle 5 småkraftverk i Kvinnherad som det er søkt for. Det er Auno, Børsdalselva, Eikeelva, Tverrelva og Valedalen.

Dette er ein foreløpig innstilling og det er teke atterhald om at det kan verta gjort endringar før endeleg innstilling som skal opp i formannskapet 22. august. Særleg vil innstillinga om overføring av Sitautevatn verta endeleg formulert.

Rådmannen sleg fast at kommunen er generelt positiv til utbygging av småkraftverk grunna mellom anna næringsutvikling og grøn energi. Og alle har ein planlagd utbyggingstekstnad på under kr. 4,30 pr. GWh, som er godt under grensa for kva som reknast som økonomisk forsvarleg.

Dei samfunnsmessige verknadane for Kvinnherad er i hovudsak positive. Prosjekta er med på å styrka næringsgrunnlaget for fallrettseigarane og kan gje lokale bedrifter oppdrag i anleggstida. Kommunen får inntekter, hovudsakeleg gjennom eigedomsskatt.

Kommunens erfaringar med småkraftverk er foreløpig i hovudsak gode. Dei ferdig utbygde anlegga er relativt konfliktfrie medan det er i utbyggingstida problem kan oppstå. Ulemper ihøve til ferdsel og friluftsliv og vassdrag som landskapselement vert reduserte ved avbøtande tiltak som minstevassføring, tilrettelegging av infrastruktur og utforming av sjølve anlegga.

Avbøtande tiltak er vurdert som tilstrekkelege. Rådmannen meiner den mest konfliktfylte utbyggjinga er overføring av Sitautevatn til Småstølvatn,

Av Ola Matti Mathisen